



# **Kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv**

i Eidfjord kommune

2016-2019



## **Forord**

Formannskapet vedtok i møte 09.02.2015, saksnummer 009/15, å starta opp arbeidet med revisjon av kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv. Innspel til planarbeidet er gjort gjennom samtale med lag og organisasjonar samt felles brev til interessentar.

Planen tek for seg både anlegg for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv, og er grunnlaget for å søkja om spelemidlar. Tidlegare plan for idrett og fysisk aktivitet er resultatvurdert. Planen inneheld eit kortsiktig handlingsprogram som årleg vert vurdert rullert etter ei samla vurdering av framdrift og eventuelle nye føresetnader og behov. I tillegg inneheld planen eit uprioritert handlingsprogram.

I planprosessen er det lagt vekt på medverknad frå organisasjonar, institusjonar og andre for synspunkt og innspel til planen. Dette gjeld nye anlegg, rehabilitering, nærmiljøanlegg, friluftsanlegg og fysiske aktivitetar.

Eidfjord, november 2015

**Innhald:**

<b>1 Innleiing</b>	<b>4</b>
1.1 Bakgrunn	4
1.2 Definisjonar	4
<b>2.Utviklingstrekk i kommunen</b>	<b>5</b>
1.3 Folketalsutvikling	6
1.4 Busetjingsmønster	6
1.5 Reiseliv og bulyst	7
<b>2 Målsetjing for kommune sin idretts- og friluftspolitikk</b>	<b>7</b>
2.1 Relevante målsetjingar i kommune sin kommuneplan	7
2.2 Overordna målsetjing for kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet	8
2.3 Delmål	8
<b>3 Verkemiddel</b>	<b>8</b>
3.1 Statlege verkemiddel	8
3.2 Fylkeskommunale verkemiddel	9
3.3 Kommunale verkemiddel	9
<b>4 Resultatvurdering av tidlegare plan</b>	<b>9</b>
<b>5 Tilhøve til andre kommunale planar</b>	<b>10</b>
<b>6 Planprosessen</b>	<b>11</b>
<b>7 Status i Eidfjord kommune</b>	<b>12</b>
7.1 Registrering av anlegg og friluftsliv	12
7.2 Registrering av aktivitet	14
<b>8 Analyse av behov for aktivitet og anlegg</b>	<b>15</b>
8.1 Regionalt samarbeid	15
8.2 Skulen si rolle	15
8.3 Ordinære anlegg	15
8.4 Nærmiljøanlegg	18
8.5 Friluftsliv	19
8.6 Fysisk aktivitet	20
<b>9 Prioritert handlingsplan</b>	<b>21</b>
9.1 Spelemiddelordninga	21
9.2 Handlingsplan for anlegg og område for idrett og friluftsliv 2011-2014	22
<b>10 Handlingsplan for fysisk aktivitet</b>	<b>24</b>
<b>11 Uprioritert liste over langsiktige behov for idrettsanlegg og friluftsområde</b>	<b>24</b>

## 1. Innleiing

Denne planen er ein tematisk plan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet i Eidfjord kommune. Rådmannen finn det formålstenleg og leggja til friluftsliv i tittelen på planen då dette tema er ein del av innhaldet. Planen skal reviderast kvar 4. år. Det fireårige handlingsprogrammet vert rullert kvart år eller ved behov.

Planen syner kommunen sitt arbeid og prioriteringar for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv.

Planen er eit styringsverktøy for bygging, rehabilitering og vedlikehald av idrett-, friluftsliv- og nærmiljøanlegg og fysiske aktivitetar. Planen omfattar også organisasjonseigde/ private anlegg.

### 1.1 Bakgrunn

Kultur- og kyrkjedepartementet stiller krav til kommunane om godkjent kommunedelplan for utbygging av anlegg og område for idrett- og friluftsliv for å kunna søkja om spelemidlar til slike anlegg. Eidfjord kommune utarbeidde sin første plan i 1999 med rullering i 2002, 2004, 2005 og 2011.

### 1.2 Definisjonar

#### Idrett

Idrett vert definert som aktivitet i form av trening, eller konkurranse i den organiserte idretten

#### Fysisk aktivitet

Fysisk aktivitet vert definert som eigenorganiserte trenings- og mosjonsaktivitetar, som òg gjeld friluftsliv og aktivitetar prega av lek

#### Friluftsliv

Klima- og miljødepartementet definerer friluftsliv som opphald og fysisk aktivitet i friluft, i fritida, med sikte på miljøforandring og naturopplevingar. Kulturdepartement har valt å la friluftsliv inngå i omgrepet fysisk aktivitet.

Departementet definerer i følgjande kategoriar kva anlegg det kan søkjast om spelemidlar til:

### Nærmiljøanlegg

Med nærmiljøanlegg er meint anlegg eller område for eigenorganisert fysisk aktivitet, hovudsakleg i tilknytning til bu- og/eller opphaldsområde. Med nærmiljøanlegg er meint berre utandørsanlegg, dvs. anlegg utan tak.

### Ordinære anlegg

Ordinære anlegg vil seie anlegg for organisert idrett og fysisk aktivitet og eigenorganisert fysisk aktivitet. Det kan søkast tilskot til bygningar og/eller rehabilitering av idrettsanlegg som er opne for almen idrettsleg verksemd (idrett og fysisk aktivitet for alle), og som ikkje er underlagt fortenestebasert eigarformer.

### Nasjonale anlegg

er anlegg som tilfredsstillar tekniske og funksjonelle standardkrav for avvikling av relevante internasjonale meisterskap.

### Friluftsanlegg

Kategorien omfattar t.d heilårsløyper med lys, turløyper/stigar, turvegar og skiløyper, turkart, dagsturhytter, og sanitæranlegg til aktivitetsanlegg.

Ingen anlegg i Eidfjord kommune har status som nasjonale anlegg

## **2. Utviklingstrekk i kommunen**

Folketalsutviklinga er avgjerande når behovet for nye friluft- og idrettsanlegg skal vurderast. Folketal, aldersfordeling og busetjingsmønster må leggjast til grunn når det skal avgjerast kor mange og kva type anlegg kommunen skal ha. Det må takast omsyn til at reiseliv er hovudsatsingsfeltet for næringsutvikling i kommunen. Difor bør visse friluft og idrettsanlegg tilretteleggast med tanke på det.

## 2.1 Folketalsutvikling

	2014	2018	2022	2026
Totalt				
0-5 år	60	55	60	60
6-15 år	100	102	98	106
16-66 år	619	627	617	600
67 år eller eldre	171	175	192	213

## 2.2 Busetjingsmønster 2000 - 2015

### Grunnkrinsane i kommunane

Variablar i filter:

Måltal, Innbyggjarar

Tid	2000	2005	2010	2011	2012	2013	2014	2015
Geografi								
Eidfjord	1,037	914	958	959	957	952	950	950
12320101 Erdal/Indre bu	44	50	57	56	51	53	51	49
12320102 Vik/Lægreid	338	291	297	291	294	287	290	289
12320103 Hereid	362	322	360	369	361	359	361	364
12320104 Varberg	135	115	114	116	119	122	113	112
12320105 Sæbø/Lund	85	70	65	61	63	60	67	72
12320106 Sysendalen	63	58	52	53	53	55	52	51
12320107 Simadalen	10	8	13	13	16	15	14	11

## 2.3 Reiseliv og bulyst

Eidfjord er ein reiselivskommune og reiselivsnæringa står for ein stor del av sysselsetjinga og verdiskapinga i kommunen. Med sitt store utmarksareal og nærleik til Hardangervidda har organisert og uorganisert friluftsliv eit stort utviklingspotensiale i reiselivsamanheng. Sysendalen, som ligg ved innfallsporten til Hardangervidda, er prioritert som utbyggingsområde for fritidshytter. Dalen har i dag om lag 1200 hytter og gjeldande kommuneplan opnar for stor auke i hyttetalet. Tiltak for å styrkja Sysendalen sin posisjon som friluftsliv- og aktivitetsområde må setjast i verk i samspel mellom utbyggjarar, næringsliv, hytteeigarar og kommunen. Sti- og løypeplanen for Sysendalen har fastsett hovudstrukturen for sti- og løypenettet, og er innarbeidd i forslag til kommunedelplanen for Sysendalen.

Eidfjord kommune har også eit ansvar for å leggja til rette for innbyggjarane si velferd. Innsatsen til frivillig lagsliv og enkeltpersonar er viktige faktorar når det gjeld trivsel og bulyst, og desse gjer ein stor innsats i Eidfjord og er viktige medspelarar. Generelt er det eit aukande folkehelseproblem at mennesket utviklar livsstilsjukdomar mellom anna på grunn av for lite fysisk aktivitet. Erfaring og forskning syner at fysisk aktivitet har ein positiv verknad på folk si fysiske, sosiale og mentale helse. Difor er kommunen sin idretts- og friluftspolitikk også avgjerande for mange si helse og trivsel.

## 3 Målsetjing for kommunen sin idretts- og friluftspolitikk

### 3.1 Relevante målsetjingar i kommuneplan 2015-2019

I kommuneplanen er det formulert langsiktige målsetjingar som er relevante for denne planen:

\* Kommunen skal:

- Bidra til ei samfunnsutvikling som fremjar folkehelse, og som jamnar ut sosiale helseskilnader. Folkehelsearbeidet er sektorovergripande, og har som mål at folkehelseperspektivet skal inn i alle delar av kommunen sitt virke.
- ha fleire tiltak som fremjar fysisk aktivitet
- ha eit mangfald av aktivitetstilbod til alle aldersgrupper
- leggja til rette for friluftsliv
- ha aktive innbyggjarar som har fokus på eigen helse
- syta for idrett og kultur har ein viktig rolle i det offentlege
- ha fokus på aktivitetar som er berekraftig
- ha areal til disposisjon som legg til rette for rekreasjon/møteplasser
- forsterke og vidareutvikla skitrekk, løypekøyring og turstiar i Sysendalen

### 3.2 Overordna målsetjing for kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet

Satsinga for Eidfjord kommune er å legge til rette for fysisk aktivitet, både som førebyggjande helsearbeid, som attraktiv fritidssyssele og som profilering av Eidfjord som attraktiv bu-, opplevings- og besøks og arbeidskommune.

### 3.3 Delmål

- Barn og unge skal ha tilbod og stimulerast til deltaking i idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet i skular, SFO, barnehagar og på fritida nær buområda.
- Folkehelseperspektivet skal implementerast i alle deler av kommunen sitt planarbeid.
- Få dei fleste innbyggjarane i aktivitet kvar dag. Spesielt utsette grupper i befolkninga skal ha særleg fokus.
- For å nå nye grupper og tilreisande må det satsast på informasjon og formidling.
- Ved utarbeiding av kommune- og reguleringsplanar skal det innarbeidast areal og anlegg for idrett, leik og friluftsliv som del av bumiljøet. Plane skal også sikra ålmenta tilgang til turstigar, skiløyper, friluftsliv og aktivitet.
- Skuleverket, reiselivet, idretten og friluftslivet sitt behov for areal og anlegg bør samordnast.
- Alle anlegg skal ha universell utforming.
- Ha fokus på energi og miljø ved bygging og drift av anlegg til idrett og friluftsliv
- Godkjente vedlikehalds- og opprustings planar skal finnast for alle eksisterande anlegg
- Sikra allmenn tilgang og merking av turstigar, skiløyper og forplikande grunneigaravtalar er avgjerande
- Tilrettelegging, merking og drift av turstigar, sykkelløyper og skiløyper må gjennomførast etter standardisert merkemal og felles skiltssystem.

## 4. Verkemiddel

For å stimulera til utvikling av idrett og fysisk aktivitet har både stat, fylke og kommune økonomiske verkemiddel.

### 4.1 Statlege midlar

Kultur- og kyrkjedepartementet forvaltar ein tredjedel av overskotet frå Norsk Tipping AS (spelemidlar). Om lag halvparten av midlane er avsett til idrettsføremål og går til idretts- og friluftsanlegg i kommunane. Midlane vert kanalisert gjennom fylket og kommune. 10% av spelemidlane går til lokale idrettslag og deira arbeid for barn og unge. Miljøverndepartementet har tilskots- og låneordningar til aktivitetsføremål, stimulering og tilrettelegging innan friluftsliv.

Landbruksdepartementet har eigne stønadsordningar for miljøtiltak i landbruket. Dette gjeld også for stigar, turveggar og informasjonstavler.

#### **4.2 Fylkeskommunale midlar**

Fylkeskommune kan gje tilskot til ordnære anlegg, friluftsanlegg og nærmiljøanlegg etter søknad.

#### **4.3 Kommunale midlar**

Det vert gjeve driftstilskot til lag og organisasjonar. I tillegg har frivillige organisasjonar gratis husleige i samband med øvingar/treningar/møte i kommunale hus/anlegg. Sysendalen skisenter A/S er ei verksend etablert av kommunen. Verksemda skal stå for drift og vedlikehald av heile skisenteret. Sysendalen skisenter A/S har saman med kommunen inngått avtale med Hardangervidda Ski og Fjellsport A/S om drift av skisenteret. Det er vidare etablert eit løypelag i Sysendalen. Styre for løypelaget er sett saman av representantar frå Eidfjord kommune, Sysendalen Skisenter A/S, grunneigarane i Sysendalen og Sysendalen Hyttevelforbund. Sysendalen Løypelag er mellom anna ansvarleg for å utarbeida kravspesifikasjon for løyper, bestilla og velja løypekøyring frå leverandørar, planleggja og gjennomføra dugnader på løyper og stigar. Kommunal økonomiplan og årsbudsjett fastset kommunen sine rammer for driftstilskot og investeringstilskot til anleggsprosjekt i regi av frivillige organisasjonar, kommunen og andre. Anlegget må vera prioritert i kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet. Søknaden må vera fullstendig, og om naudsynt teknisk godkjent, og innsendt til kommunen innan fristen. Kommunen over sender søknadene elektronisk til fylkeskommunen.

### **5 Resultatvurdering av tidlegare plan**

Kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet 2011 vart vedteken i kommunestyret 13.12.2010.

Handlingsprogrammet har vore rullert etter behov. Handlingsprogrammet har fungert som eit styringsverktøy både for frivillige organisasjonar og kommunen.

**I løpet av planperioden har kommune motteke spelemidlar for og realisert følgjande:**

- Sysendalen Minitrekk, Maurset
- Sysendalen skibakke, Maurset
- Sysendalen varmestove, Maurset

**Oppgradering og nye anlegg som har vore gjennomført med tilskot frå kommunale og private midlar som er nemnd i kommunedelplanen :**

- Tiltak for skilting av ski- og turstiar Sysendalen
- Rehabilitering av badeplass Kårkeskarvet
- Lakking og rehabilitering av golvet i Eidfjord idrettshall

- Nytt garderobesystem i Eidfjord idrettshall
- Ny garasje til tråkkemaskiner til Sysendalen Skisenter AS

**Andre oppgraderingar og nye anlegg som ikkje har vore del av kommunedelplanen:**

- Marina med utviding av molo i Eidfjord
- Oppgradering av turveg frå Kvednavegen via vassbakkane til Hæreid og ut til Hodna
- Nytt toalettanlegg langs Evjo mot Eidfjord vatnet
- Universell utforming av promenade langs fjorden i Eidfjord
- Nytt toalettanlegg og renovasjon av skyttarhus i Ø. Eidfjord

**6 Tilhøve til andre kommunale planar**

Arealdelen i kommuneplanen vart ferdig hausten 2011. Følgjande arealbehov til idretts- og friluftsanlegg er teke med i denne planen:

- Leirduebane
- Gang- og sykkelveg
- Badeplass på Stavaner
- Samordna arealbruk i Simadal inklusive motorsportsanlegg i Simadal
- Utviding av alpinbakke på Maurset

## 7 Planprosessen

Planen er handsama i samsvar med plan og bygningslova

Dato	Aktivitet
09.02.15	Vedtak i formannskapet om Eidfjord kommune startar opp med revisjon av kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet med heimel i plan- og bygningslova § 11-1
12.02.2015	Kunngjering av vedtak på kommune si heimeside i lokal avisa og ved oppslag. Utsending til lag og organisasjonar. Frist for innspel 20.04.2010
11.06.15	Utsending til lag og organisasjonar. Frist for innspel 17. 08.15
07.09.15	Møte med leiar i EIL
30. 09.15	Intern møte med ass.rådmann, rep.KTD Arne Bu, kommunelege Torbjørn Bjotveit, plansjef Gunnar Elnan, kultursjef Lisbeth Bygstad Celik
15.10.15	Møte med byggansvarleg i KTD
21. 10. 15	Møte med Idrettssjef Britt Karen Spjeld i Hordaland Fylkeskommune
23.10.15	Møte med leiar i EIL og leiar av Fotballgruppa i EIL
23.11.15	Framlegg til plan vert handsama i formannskapet/planutvalet
15.01.2016	Høyringsperiode
02.2016	Vedtak i kommunestyret

## 8. Status i Eidfjord kommune

### 8.1 Registrering av anlegg og friluftsliv

Eksisterende anlegg etter gjeldende database:

Anleggsenheit	Anleggsnr.	Status	Anleggsklasse	Anleggskategori	Anleggstype	Universell utforming
Kvednavegen balløkke	1232001601	Eksisterende	Nærmiljøanlegg	Aktivitetsanlegg	Balløkke	Ikkje vurdert
Øvrehagen balløkke	1232001701	Eksisterende	Nærmiljøanlegg	Aktivitetsanlegg	Balløkke	Ikkje vurdert
Demmevasshytta	1232000501	Eksisterende	Kommuneanlegg	Friluftsliv	Overnattingshytte	Ikkje vurdert
Dragøyfjorden- hytta	1232002101	Eksisterende	Kommuneanlegg	Friluftsliv	Overnattingshytte	Ikkje vurdert
Eidfj. Idr.anl.-rullebrettbane	1232000106	Nedlagt	Nærmiljøanlegg	Aktivitetsanlegg	Ulike småanlegg	
Eidfjord idrettsplass gressbane	1232000101	Eksisterende	Kommuneanlegg	Fotballanlegg	Fotball gressbane	Ikkje vurdert
Lægreid skule symjebasseng	1232000104	Eksisterende	Kommuneanlegg	Bad og svømmeanlegg	Svømmebasseng	Ikkje vurdert
Eidfjord idrettsanlegg	1232000105	Eksisterende	Kommuneanlegg	Aktivitetssal	Gymnastikksal	
Eidfjord idrettsplass friidrettsområde	1232000102	Eksisterende	Kommuneanlegg	Friidrettsanlegg	Friidrett grusbane	Ikkje vurdert
Eidfjord idrettsplass grusbane	1232000103	Eksisterende	Kommuneanlegg	Fotballanlegg	Fotball grusbane	Ikkje vurdert
Gamle Sandhaug hytta	1232002701	Eksisterende	Kommuneanlegg	Friluftsliv	Overnattingshytte	Ikkje vurdert
Fysikalsk trimrom	1232001901	Eksisterende	Kommuneanlegg	Aktivitetssal	Trimrom/helsestudio	
Eidfjord kommune terapibasseng	1232001902	Eksisterende	Kommuneanlegg	Bad og svømmeanlegg	Svømmebasseng	Ikkje vurdert
Hadlaskard hytta	1232000601	Eksisterende	Kommuneanlegg	Friluftsliv	Overnattingshytte	Ikkje vurdert
Hjølmodalen tursti	1232001101	Eksisterende	Kommuneanlegg	Friluftsliv	Tursti	
Øvre Eidfjord skytebane NVE	1232000804	Eksisterende	Kommuneanlegg	Skyteanlegg	Skytebane (inne)	
Kjeldebu	1232003001	Eksisterende	Kommuneanlegg	Friluftsliv	Overnattingshytte	Ikkje vurdert
Kråkeskarvet badeplass	1232000901	Eksisterende	Kommuneanlegg	Friluftsliv	Badeplass	
Kråkeskarvet sanitærannlegg	1232000903	Eksisterende	Nærmiljøanlegg	Friluftsliv	Friluftsliv ikkje definert	Ja
Lågerhø- hytta	1232002201	Eksisterende	Kommuneanlegg	Friluftsliv	Overnattingshytte	Ikkje vurdert
Langavasshadle- hytta	1232002301	Eksisterende	Kommuneanlegg	Friluftsliv	Overnattingshytte	Ikkje vurdert
Langavasshadle- hytta	1232002501	Eksisterende	Kommuneanlegg	Friluftsliv	Overnattingshytte	Ikkje vurdert
Lysløype på Garden	1232000401	Nedlagt	Kommuneanlegg	Skianlegg	Skiløype	
Måbø- galdane	1232001001	Eksisterende	Kommuneanlegg	Friluftsliv	Tursti	

Nedrehagen nærmiljøanlegg	1232001501	Eksisterende	Nærmiljøanlegg	Aktivitetsanlegg	Ulike småanlegg	
Rembesdal turhytte	1232002901	Eksisterende	Kommuneanlegg	Friluftsliv	Overnattingshytte	Ikkje vurdert
Sandva hytta	1232001801	Eksisterende	Kommuneanlegg	Friluftsliv	Overnattingshytte	Ikkje vurdert
Sandhaughytta	1232000701	Eksisterende	Kommuneanlegg	Friluftsliv	Overnattingshytte	Ikkje vurdert
Simadalen- Tveit- Liseth	1232001301	Eksisterende	Kommuneanlegg	Friluftsliv	Tursti	
Eidfjord Småbåthavn	1232002801	Eksisterende	Kommuneanlegg	Vannsportanlegg	Flytebrygge	Ikkje vurdert
Stigstuv fjellstyrehytta	1232002401	Eksisterende	Kommuneanlegg	Friluftsliv	Overnattingshytte	Ikkje vurdert
Tinnhølen hytta	1232002001	Eksisterende	Kommuneanlegg	Friluftsliv	Overnattingshytte	Ikkje vurdert
Sysendalen varmestove, Maurset	1232000304	Eksisterende	Kommuneanlegg	Idrettshus	Idrettshus	Ikkje vurdert
Sysendalen skibakke, Maurset	1232000301	Eksisterende	Kommuneanlegg	Skianlegg	Alpinanlegg	Ikkje vurdert
Sysendalen køyrebu, Maurset	1232000302	Eksisterende	Kommuneanlegg	Idrettshus	Lagerbygg(ikkje spes	Ikkje vurdert
Sysendalen garasje, Maurset	1232000303	Eksisterende	Kommuneanlegg	Idrettshus	Lagerbygg(ikkje spes	Ikkje vurdert
Øvre Eidfjord skytebane 110 m	1232000801	Eksisterende	Kommuneanlegg	Skyteanlegg	Skytebane (ute)	Ikkje vurdert
Øvre Eidfjord skytebane 200 m	1232000802	Eksisterende	Kommuneanlegg	Skyteanlegg	Skytebane 200m	Ikkje vurdert
Øvre Eidfjord skytebane	1232000803	Eksisterende	Kommuneanlegg	Skyteanlegg	Skytebane 300m	
Simadal- Kjeåsen tursti	1232001201	Eksisterende	Kommuneanlegg	Friluftsliv	Tursti	
Eidfjord turkart	1232003101	Eksisterende	Kommuneanlegg	Kart	Turkart	Ikkje vurdert
Eidfjord folkebibliotek	1232003201	Eksisterende	Kommuneanlegg	Kulturbygg	Kulturbygg – Bibliotek	
Eidfjord idrettshall	1232003301	Eksisterende	Kommuneanlegg	Flerbrukshall	Flerbrukshall, normalhall	
Bu grendahus, nærmiljøanl.	1232003401	Eksisterende	Nærmiljøanlegg	Aktivitetsanlegg	Ulike småanlegg	
Eidfjord idr. Anlegg, ballbinge	1232000107	Eksisterende	Nærmiljøanlegg	Aktivitetsanlegg	Ballbinge	
Eidfjord turstier	1232003501	Eksisterende	Kommuneanlegg	Friluftsliv	Tursti	
Tursti Simadal	1232003601	Eksisterende	Kommuneanlegg	Friluftsliv	Tursti	
Eidfjord- turkart	1232003502	Eksisterende	Kommuneanlegg	Kart	Turkart	
Eidfjord sandvolleyballbane	1232003701	Eksisterende	Nærmiljøanlegg	Aktivitetsanlegg	Sandvolleyballbane	Ja
Sæbø skule	1232000202	Eksisterende	Kommuneanlegg	Aktivitetssal	Gymnastikksal	Ikkje vurdert
Sæbø skule	1232000201	Eksisterende	Nærmiljøanlegg	Aktivitetsanlegg	Ulike småanlegg	Ikkje vurdert
Viersla- hytta	1232002601	Eksisterende	Kommuneanlegg	Friluftsliv	Overnattingshytte	Ikkje vurdert
Varbergshaugen- hengebru i Bjoeia	1232001401	Eksisterende	Kommuneanlegg	Friluftsliv	Tursti	

## 8.2 Registrering av aktivitet

### Organisert idrett

Medlemstal i Eidfjord idrettslag og er basert på opplysningar gitt i august 2014.

Organisasjon	Antal under 19 år	Antal over 19 år	Totalt
<b>Eidfjord idrettslag:</b>	97	128	225
Fotball	52	32	84
Areobic /trim	8	32	42
Volleyball	8	22	30
Terrengløp	49	0	49
Klatring			
Thriatlon	6	2	8
Ski	98	18	116
Spinning	9	52	61
RC-motorgruppe	10	10	20
Turn			
Badminton	2	5	7
Ski karusell			
Eidfjord Vøtra cup			
<b>Andre organisasjonar:</b>			
Eidfjord skyttarlag	14	115	141
Eidfjord båtlag			ukjent
Eidfjord jakt&fiskelag			ukjent
Sykkel og Ciderklubb			ukjent
Eidfjord jakt og fiskelag			ukjent

### Eigenorganisert fysisk aktivitet

Kommunen har ingen oversyn over tal for eigenorganisert idrett og fysisk aktivitet. Fleire av organisasjonane har tilbod om friluft-,trim og idrettsaktivitetar som del av verksenda.

Innan kommunen er det store område som inviterer til eit aktivt friluftsliv både vinter og sommar. Det er tilrettelagt for eigenaktivitet på ulike arenaer:

- Kommunen har opparbeidd nærmiljøanlegg for sandvolley, ballbinge, merka stigar og leikeområde. I samband med turstig langs elva i Simadal er det tilrettelagt for fiske for rørslehemma.
- Kommunen krev at det skal avsetjast areal for lek i nye bustadfelt
- I Eidfjordhallen er det oppretta tilbod om treningssenter. I 2014 vart det selt 20 årskort, 16 halvtårskort og 2 månadskort.
- Eidfjordhallen og symjebassenget kan, på gitt vilkår, leigast til privat trening
- Kommunen gir tilbod om offentleg bading 2 dagar i veka i perioden september –mai

- Arrangement som ”Minitriathlon” samlar mange ivrige trimlag. Arrangementet er den lokale delen av Isklar Norseman Extreme Triathlon. XremeEidfjord arrangerer Expedition Amundsen og Hardangervidda Marathon

## 9. Analyse av behov for aktivitet og anlegg

Eidfjord kommune har god dekning med anlegg og område innan ulike idretts- og friluftaktivitetar. Dei fleste anlegga ligg i nærleiken av bu-område. Organisasjonane sine behov for inne- og ute anlegg er koordinert med skulen sine behov for anlegg.

### 9.1 Regionalt samarbeid

Eidfjord kommune har saman med Rådmannsforum i Hardanger teke initiativ til å oppretta Hardanger Friluftsråd. Dessverre vart det nedstemt i Hardangerrådet sitt rådmannsforum, og er derfor ikkje etablert.

### 9.2 Skulen si rolle

Grunnskulen spelar ei viktig rolle for idrett og fysisk aktivitet. Skulen samlar alle og har haldningsskapande påverknadskraft gjennom kroppøvingfaget, lek og aktivitetar og som samlande faktor utanom skuletida. Skulen tek hand om barna i ein svært viktig periode for utvikling av fysisk ferdigheiter og eigenskapar. Barneskulealderen, spesielt 10-12årsalderen er kalla ”gullalderen” for utvikling av motoriske ferdigheiter. Ungdomsskuletida er ei brytingstid på mange område. Større krav til skulefag og nye interesser fører ofte til mindre fysisk aktivitet. Idretten opplever stort fråfall i denne perioden.

Kommunen har eit særleg ansvar for leggja til rette for uteområdet slik at fysisk aktivitet kan drivast i samband med læreplanane. Skulen bruker grusbana til ulike aktivitetar som slåball, fotball, sykkeløp, ski, Trivsels Leiar aktivitetar, og i gymnastikk. Ballbingen vert brukt både i undervisningssamanheng og i friminutta.

### 9.3 Ordinære anlegg

#### Eidfjord Idrettsanlegg

Eidfjordhallen vart bygd ved hjelp av tippemidlar og vart offisielt opna i desember 2000. Sidan den gongen har det vore utbetringar og vedlikehaldsarbeid på hallen. Det viser seg at det er lekkasjeskadar i grunnmur som må utbetrast. I samband med dette må ein sjå på hallen i eit heilskapleg perspektiv.

I hallen er det eit styrkerom som Eidfjord kommune har ansvar for. Dette rommet var i tenkt som lager, men i ettertid har ein revet ned lettvegg og utvida rommet slik at ein har fått plass til treningsapparat. Rommet eignar seg lite som treningslokale, det er ikkje plass til meir enn 6 brukarar om gongen, det er difor trongt om plassen samt mangelfull rømningsveg og dårleg ventilasjon.

Eit av møteromma vert nytta som spinningssrom. Rommet er lite, dårleg ventilert og særseigne som treningsrom. Eidfjord Idrettslag og andre har ytra ynskje om ei utbetring av lokala slik at det vert meir eigna til den aktiviteten som førgår. Når ein skal renovere hallen knytt til lekkasjen skal ein sjå dette i samanheng med utbetring av styrkerommet og spinning rom. Då vil me få ein idrettshall som har dei fasilitetar knytt til dagens standar, behov og ønskje.

### Alpint

Alpint er populært for deler av befolkninga og særleg barn og unge. Sysendalen skisenter er einaste anlegget i kommunen. Anlegget vart rusta opp med snøkanoner for nokre år sidan, men treng ei større rehabilitering for å stetta kravet til eit tidsriktig og funksjonelt anlegg. Eit fyrste steg i denne utbetringa var ny barneheis i 2013.

Anlegget er eit tilbod både til innbyggjarane, hytteigarar og tilreisande. Anlegget har ei familievenleg profil og manglar meir utfordrande trasear. Det er laga planer for vidare utbygging av skisenteret på Maurset opp mot Grytehorgi.

### Langrenn

Idrettslaget har nytta deler av gang/sykkelvegstraseen på Maurset til lysløyperenn. Parkeringsplassar, brøyting og strøyning av riksvegen hindrar slik bruk i dag. Idrettslaget, i samarbeid med grunneigar, planlegg nytt anlegg med lysløype og skileik på Høl og dette er regulert i reguleringsplanen for området. Klimaet gjer at det sjeldan er snøtilhøve for ski i bygda. Det er likevel kome initiativ frå private om å trække løyper med sporsetter. Næraste området for sikker snø er i Sysendalen om lag 20 minuttar køyring frå kommunesenteret. Det er stort behov for å knyta løypenettet saman. Plan over dette er skissert i sti- og løypeplanen. Skianlegget bør også tilretteleggast for sykkelløype. Skigruppa i Eidfjord IL arrangerer ski karusell 4 fredager i vinterhalvåret. Det vert òg arrangert «Eidfjord meisterskap», der det er skirenn både på alpint og langrenn. Det er trong for sikring av deler av ljosløype som går langs RV 7.

### Fotball

Fotballsporten i Eidfjord har varierende oppslutnad. Små årskull skapar vanskar med å etablere lag og andre fritidsaktivitetar konkurrerer om merksemda. Kommunen har to anlegg, ein grasbane og ein grusbane. I tillegg har idrettslaget avtale med Statkraft om å nytta deler av grasbakken i Simadal under den årlege småbanecupen. Det er òg inngått avtale med Statkraft om å erverve grunn i Sima til eit permanent toalettanlegg. EIL skal sjølv finansiere dette anlegget.

I tillegg finnes ball-plassar i Øvre Eidfjord og ved leikeplassar i Eidfjord. Eidfjordhallen er inne-arena i vinterhalvåret.

Grasmatta på idrettsanlegget vurderast oppgradert/rehabiliterert/endra til kunstgrasbane.

Det er kome innspel frå barn og ungdom om ein ny ballbinge utanfor Lægreid gamle skule. Det er mange som liker å spele uorganisert fotball og det er stort press på den eine ballbingen som me utanfor skulen.

### Friidrett

Idrettsanlegget på Lægreid er tilrettelagt for friidrett med gruslagt løpebane. Anlegget ber preg av slitasje og alder. Banen er lite i bruk til organisert idrett, men i større grad til eigenorganisert aktivitet.

Idrettslaget arrangerer "terrengløp" for dei minste klassane i ein periode om våren. Dei siste åra har «Terrengløp for barn» vorte arrangert på Hæreid.

Rehabilitering av bane med fast dekke og hoppegrop, nye sargar, og led ljøs rundt løpebanen.

### Hallidrettar

Aktivitetar i hallen er i dag:

- Volleyball
- Badminton
- Spinning
- Styrketrening
- Intervalltrening
- Stepp
- Fotball

Kommune har ein fleirbrukshall, Eidfjordhallen (2001). Golvet i hallen har fått fleire oppmerkingar og vart rehabilitert i 2007/08. I tillegg vart golve i idrettshallen lakka i 2013. Det vart lagt inn fiber i Eidfjordhallen våren 2014 og skiljeveggar i dusjen både i herre og dame garderoben. Nye boltar til fotballmåla i hallen for at dei skal vera meir stabile og hindre ulykker ved velt. Førstehjelp utstyr finst i både idrettshallen og i styrkerommet. Det er bra med aktivitet i hallen i vinterhalvåret måndag –fredag. Grunnskulen, barnehagen og mosjons- grupper nyttar hallen på dagtid. På ettermiddag/kveldstid organiserer idrettslaget treningar og kampar. I tillegg nyttar andre hallen til trening. Hallen er i noen grad arena for større kulturarrangement. Det er ledig kapasitet i hallen, særleg i helg og i sommarhalvåret.

### Spinning

Det er etablert spinningrom i regi av Eidfjord idrettslag. Dei har gradert trening tilpassa ulik intensitet måndag og torsdag. I tillegg er det enkelte grupper som trenger etter egne avtalar med idrettslaget. Rommet vart laga som møterom og har særleg dårleg ventilasjon.

### Sandvolleyball

Det vart etablert sandvolleyball bane i Ostangen i 2009. Den er tilrettelagt for uorganisert trening. I tillegg har idrettslaget, i samarbeid med Team Kvamsdal, hatt treningshelger for ungdom. Det er trang for ny sand på bana.

### Motorsport

Det finnes ikkje anlegg for motorsport i kommunen. Nabokommunen har anlegg for gokart og Trial. Nye anlegg er ikkje planlagt, men bør eventuelt skje gjennom interkommunalt samarbeid.

### Riding

Det etablert ein privat stall med ute-bane for riding. Interessa for hest er stor, og eventuell framtidig utbygging bør skje i eit samarbeid mellom private aktørar.

### Symjing

Kommune har eit offentleg basseng i tilknytning til Samfunnshuset. Det finnes i liten grad eit aktivt symjemiljø i kommunen og idrettslaget gir ikkje tilbod om trening. Bassenget vert nytta til undervisning, offentleg bad og til enkeltpersonar etter avtale. Kommune har også eit terapibasseng knytt opp til helsehuset. I tillegg til terapi vert dette nytta til meir organiserte grupper etter avtale. Terapibassenget er òg nytta til babysymjing ein dag i veka. Det er trang for å finna ein løysing knytt til at bassenget har ein djupna som medfører at ein berre kan bruka halve bassenget til babysymjing og difor ikkje kan ta i mot alle som ønskjer å nytta tilbodet. I tillegg vil dette vera ein fordel for dei andre brukarane av bassenget. Det bør vurderast eit ekstra botngolv slik at ein får nytta bassenget fullt ut og kan gje eit tilfredstillande tilbod.

### Golf

Det er etablert ein privat 6-hols golfbane med treningsbane i tilknytning til hytteområde på Fet i Sysendalen. Brukarane er i stor grad hyttefolk i området.

## **9.4 Nærmiljøanlegg**

Alle har gode moglegheiter for variert fysisk aktivitet ute i naturen. Det er kort veg til skog og mark frå bustadområda. Men endra driftsformer og reduksjon i jordbruket gjer sitt til at kulturlandskapet gror igjen og gamle vegfar blir borte. Dette medfører store utfordringar for å halda turstigane opne for ferdsel. Skjøtsel av kulturlandskapet bør setjast på dagsorden i samarbeid mellom grunneigarar, frivillige organisasjonar, private og det offentlege.

Det er i nærmiljøanlegga mykje av den uorganiserte aktiviteten føregår. Difor er det viktig at uteområda ved institusjonar, bustadfelt og andre område stimulerer til fysisk aktivitet og utfolding.

## 9.5 Friluftsliv

I Eidfjord er det svært gode tilhøve for aktivt friluftsliv heile året. Historisk sett så har eidfjordingen eit nært tilhøve til naturen og utnytting av ressursane der. Jakt, fiske og friluftsliv i høgjellet er framleis viktig for mange.

Friluftsliv og ulike aktivitetar er også viktige reiselivsprodukt som Destinasjon Eidfjord bør utvikla vidare. Store område med natur saman med tilrettelegging i form av stigmerking, løypepreparering og guida turar/eller på eiga hand gjev eit totalprodukt. Dialog og tenlege grunneigaravtalar sikrar allmenn tilgang til turstigar og skiløyper.

### Turstignett

Det bør leggjast til rette for å motivera folk til å nytta heile kommune sine naturområde. Det må avklarast kven som har ansvaret for merking, tilsyn og vedlikehald. Forplikande avtalar må finnast. Skilting, merking og gradering må følgja standardisert mal.

I bustadområda og der turstigane har godt dekke bør gode sitjebenkar vera utplasserte slik at rørslehemma kan nytta turstigane. Eidfjord har 15 merka turstiar i øvre Eidfjord og Eidfjord. Vedlikehald av stiane er pr. i dag gjort av Lions, Eidfjord kommune og andre eldsjeler, men me har òg turstiar som ikkje har tilsyn. I neste fireårsperiode vil me arbeida for å få fleire engasjerte for vedlikehald og merking av stiar som i dag ikkje har eit organisert vedlikehaldsprogram.

Sti- og turvegssystemet i Sysendalen består av eit nett med større og mindre stiar, gang- og sykkelvegar, private vegar og skiløyper. Det er viktig å utvikle og oppretthalde eit samanhengande, variert og gradert nett for ulike gruppers bruk, inkludert informasjon i form av god skilting og merking. Med opparbeiding og merking av stiar og turvegar følgjer det eit ansvar for vedlikehald. Eigarforhold til bruer må og avklarast. Som utgangspunkt vil kommunen inngå avtale med grunneigarane om rett til å anlegga og drifta stiar og turvegar. Tekniske installasjonar kommunen har teke kostnaden med reknast som kommunal eigedom. Vedlikehaldsansvaret må avklarast gjennom avtale for den enkelte sti/turveg.

### Skiløyper

Skiløyper Sysendalen sitt totale løypenett er på 81km. Det er eit mål å oppretthalde eit variert løypenett når det gjeld prepareringsstandard. Løypenettet er difor differensiert på standard og vanskelegheitsgrad. I samband med behovet for sikker kryssing av vassdrag, spesielt vinterstid med tung løypeprepareringsmaskin, har Statkraft lagt ut røyr i Leiro og i Bjoreio ved Maurset Fjellpark. Disse installasjonane meiner Statkraft er Statkraft si eigedom og ansvar. DNT har og løypenett med utgangspunkt i Sysendalen frå Fet mot Veigdalen. I tillegg er det DNT-løype som kjem frå Kjeldebu – kryssar Rv 7 ved Våkavadet og går inn Bjoreidalen

Område for skiløyper er regulert i arealplan for Sysendalen. Organisering, opparbeiding og løypekøyring skjer i samarbeid mellom grunneigarane, næringslivet, Sysendalen skisenter og hyttevelforeiningane i dalen. Sysendalen Skisenter AS har som målsetting å gjennomføre dei planane som ligg nedfelt i den godkjende sti- og løypeplanen for Sysendalen med vekt på å etablere rundløyper frå Midtbø og opp mot den eksisterande løypa over Åstestølen. Det er planlagt lysløype på Høel og vidareføring av lysløype/sti frå Liseth til Midtbø/Fosli. Det er òg planar om vidareføring av gang/sykkelsti/løypestrase frå Maurset og opp til Bruskorve.

### Turkart

Det er utarbeidd turkart i 2008 som dekkjer deler av kommunen. Kartet skal reviderast knytt til sti- og løypeplanen i Sysendalen. Merkesystemet må følgja standardisert mal. Alle løypene bør loggførast med GPS for bruk på kart , internett osv

Kartutgjeving med engelsk og tysk tekst skal vurderast.

## **9.6 Fysisk aktivitet**

Idrett og fysisk aktivitet har eigen verdi. Meistring av fysiske oppgåver og utfordringar gjennom trening skapar positiv sjølvkjensle og tenking. Opplevingar i naturen kan også gje mennesket same positive påverknad.

Fysisk aktivitet fremjar helse og livskvalitet, og fysisk aktivitet i eit folkehelseperspektiv handlar om å gje alle grupper høve til fysisk aktivitet kvar dag. I tillegg kjem tilbod om organisert og eigenorganisert aktivitet i fritida. Å utjamna sosiale skilnader innan helse er eit satsingsfelt. Fleire med god helse, reduserte helseskilnader i befolkninga og auka tilgjenge er nasjonale mål i folkehelsearbeidet.

Det er kommune som gjennom si planlegging har eit særleg ansvar for å sikre at folk kan vera aktive kvar dag. Men det er ikkje berre ei offentleg oppgåve. Folk kan sjølve påverka eiga helse. Kommunen føretok i 2010 ei kartlegging av ynskje om tilbod for eldre over 60 år i Eidfjord. Største svarprosenten fekk aktivitetar som gjeld med felles trim med instruktør turgåing, symjing og senioruniversitet/datakurs. Dette kan tyda at ”unge eldre” i kommune er opptatt av eiga helse både fysisk og mentalt. I 2012 starta ein opp med Gå-gruppe leia av folkehelsekoordinator. Kommunen har for tida ingen eigen stilling som folkehelsekoordinator.

Folkehelsearbeid må skje i samarbeid mellom kommunen, innbyggjarane, lag og organisasjonar, bedrifter og fylkeskommunen. Kommune har eit særleg ansvar når det gjeld god informasjon om tilbod om rekreasjon og aktivitet for alle. Organisasjonar og bedrifter må bli samarbeidspartnarar i folkehelsearbeidet.

Helseavdelinga og kulturavdelinga kommune har for tida slike aktivitetsplanar for særskilde grupper:

- Trening med rådgjeving av fysioterapeut og terapibasseng, ein kveld i veka
- Terapibassenget er open for eigenaktivitet i arbeidstida (man –fre)
- Frisklivsentrar – høve til å få hjelp til livsstilsendringar
- Babysymjing
- Fritidssenter

I 2014 starta ein opp med babysymjing i terapibassenget på kommunehuset. Halve bassenget er så djupt at det ikkje er mogleg å bruka ved babysymjing. Det er difor trong for å leggja ein ekstra botn i bassenget som gjer at ein har høve til å «stå på botn». På denne måten kan ein opna opp for ein dobling av antal brukara. I dag er det berre plass til 5 brukarar om gongen, og ventelistene er lange. I tillegg er det andre brukarar som ønskjer å ha moglegheita til å ha høve til « å nå ned til golvet» når dei er i bassenget.

## 10 Prioritert handlingsplan

Prioritert handlingsprogram dannar grunnlaget for vidare utbygging av anlegg og område for idrett og friluftsliv i kommunen i komande fireårsperiode. Ei samla vurdering av framdrifta av dei ulike tiltaka, og eventuelle nye føresetnader og behov avgjer om planen må rullerast i løpet av fireårsperioden.

Kostnader knytt til drift og vedlikehald av anlegga skal inngå i planen. Planen ligg som vedlegg, og vert vurdert rullert kvart år i samband med økonomiplanen.

### 10.1 Spelemiddelordninga

Det kan søkjast tilskot frå spelemidlane til bygging og rehabilitering av idrettsanlegg som er opne for allmenn idrettsleg verksemd og ikkje underlagt kommersielle interesser. Det kan søkjast om tilskot frå spelemidlane til ordinære anlegg ( omfattar også friluftsanlegg og rehabilitering av anlegg) og nærmiljøanlegg.

Fylkeskommune føretek tildeling av spelemidlane på vegne av Kulturdepartementet. Før søknadene vert oversendt fylkeskommunen skal kommune prioritera søknadene innan dei to kategoriane.

Den viktigaste målgruppe for spelemidlar for nærmiljøanlegg er barn ( 6-12 år ) og ungdom (13-19 år)

#### Følgjande krav vert sett til søknaden:

Planar som er lagt til grunn for søknaden skal vera førehandsgodkjende. Godkjenninga er i dei fleste anlegg delegert til kommunen.

Tiltak det vert søkt om stønad til skal vera del av godkjend kommunedelplan.

#### Ordinære anlegg

Som hovudregel kan ein søkje om tilskot på inntil 1/3 av godkjent kostand til bygging og/eller rehabilitering av ordinære anlegg. Det er sett ei nedre grense for totalkostnad på kr 150 000 for tilskot.

Utandørs badeplassar er ikkje del av stønadsordninga. Men det kan søkjast om tilskot til aktivitetsområde og/eller sanitæranlegg knytt opp mot badeplassar. Dette gjeld også tiltak for rørslehemma.

#### Friluftslivanlegg

Friluftslivsanlegg ( dagsturhytter, turvegar, turløyper, turstigar): 50 % tilskot av godkjend kostnad, maksimalt kr. 1 000 000,- .

#### Nærmiljøanlegg

For nærmiljøanlegg kan det gjevast stønad med inntil 50% av godkjende kostnader av grensa oppover til kr 300 000. Nedre kostnadsramme er kr 50 000.

## 10.2 Handlingsplan for anlegg og område formidrett og friluftsliv 2016-2019

Prosjekta er oppført i prioritert rekkjefølgje innan kvar anleggsgruppe

Anlegg	Inv.kostnad	Drift	Anleggstart – finansiering(i 1000 kr)			
			2016	2017	2018	2019
<b>Ordinære</b>						
Rehabilitering og nybygg idrettshallen	4500			K 3500 SM1000		
Rehabilitering av idrettsbanen	500				K 500	
Aktivitetsapparat Området sjøbua/Coop	300					K300
Løypelaget	715		K 715			
Tur/ski løyper Sysendalen		50	K 50	K50		
Rehabilitering av Sandvolleyball bane	20			K20		
Rehabilitering av terapibasserng	50			K 25 SM 25		
Toalettanlegg i Simadal			P SM			
Ballbinge	500			K 300 SM 200		
Sikring av lysløype på Maurset mot RV	100			K50 P 50		

K = kommunale midlar, SM = spelemidlar, P= private midlar

\* Løypelaget ønskjer tilskot til fast dekke og lysløype frå Liseth – Midtbø/Fossli knytt til sti- og løypeplan

### Merknader til handlingsplan i prioritert rekkefølje

- Utviding av idrettshall med treningsrom og spinning rom. I tillegg rehabilitering av lekkasje i grunnbur på idrettshallen.
- Rehabilitering av bane med fast dekke og hoppegrop, nye sargar og led ljøs rundt løpebanen
- I samband med reguleringsplan for Menes-Vik-Lægreid er området frå Sjøbua til Coop prioritert. Me har flytta midlane som vart løvd til treningsapparat i Ostangen til området ved Sjøbua. Innkjøp av apparat som innbyr til leik og aktivitet for folk i aldra, og spesielt til barn og ungdom.
- De er avsett midlar til løypa mellom Liset –Midbø/Fossli.
- Det er avsett midlar for vedlikehald av skilting og merking av eksisterande tur og skiløyper i Sysendalen
- Ny sand i Sandvolleyball bana på Ostangen

- Nytt golv i terapibassenget på kommunehuset som vil kunna auka tilbodet til fleire brukarar
- EIL ønskjer nytt toalettanlegg i Sima. Dei har fått løyve til bruk av grunn frå Statkraft og vil bygget vert finansiert gjennom egne midlar og spelemidlar
- Det er ønskje om nytt dekke på ballbingen ved Eidfjord Idrettsanlegg. I tillegg er det eit ønskje om varmekablar.
- Sikring av lysløype på Maurset langs langrennsløypa som er knytt til RV7. Deler av løpa ligg tett til RV7 og kan utgjere ein fare for langrennsløparar.
- Løypelaget ønskjer tilskot til å realisere nye traser knytt til Sti- og løypeplanen.

**Årlege driftstilskot til anlegg:**

**Vedlikehald stigar Eidfjord : kr 50 000**

**Tilskot idrettslag: kr 50 000,-**

**Løypekøyring Sysendalen løypelag inntil kr 200 000-**

**Drift av Sysendalen skisenter: kr 190 000,-**

**Hardangervidda ski- og fjellsport tilskot for 2016 og 2017 kr. 1 mill pr. år**

## 11. Handlingsplan for fysisk aktivitet

Tiltak	Ansvarleg	Kostnad	År
Trening for eldre i idrettshallen	Frivillige/ kommunen(fysioterapi)/idrettslaget		2016 2019
Trening i styrkerommet for ungdom	Kommunen/idrettslaget		2016 2019
Inngå partnerskaps- Avtale med Frivillige org	Kommunen		2016 2019
Gå grupper for alle dagtid/kveld	Frivillige		2016 2019

## 14. Uprioritert liste over langsiktige behov for idrettsanlegg og friluftsområde 2011-2021.

Lista er basert på innkomne behov og ynskje. Ved den årlege rulleringa er det berre tiltak som står på denne lista som vert vurdert.

Anlegg	Stad	Eigar/ utbyggjar	Estimert kostnad
Turkart Eidfjord: revisjon		Kommunen	K 300
Kunstgrasbane	½ grusbana	Kommunen	
BMX/skate/rulleskøyte anlegg			
Motorcross sommar/vinter (snøskuter)			
Nytt skitrek/bmx/sykkeløype i kombinasjon	Maurset		
Bade/aktivitetsområde	Cruisekai/sjøbu		